

Norges vassdrags- og energidirektorat
P.B. 5091 Majorstua
0301 OSLO

Att: Henrik Langbråten

Geiranger 13.06.2016

Fråsegn vedrørende søknad om kraftutbygging Storfossen i Geiranger

Vi takkar for høvet til å komme med eit fråsegn i saka, etter kontakt med saksbehandlar i NVE.

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er representert med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden Verdsarvområde med omland. Fjordlandskapa er Noregs einaste reine naturarvområde på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv. Vestnorsk fjordlandskap er innskriven på bakgrunn av 2 naturkriterier; geologi-/landskapsform og naturskjønnheitskriteriet.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart oppretta som den lokale/regionale oppfølginga av UNESCO konvensjonen. Stiftinga fungerer i praksis som eit regionalt bindeledd mellom statsparten, regional og lokal forvaltning, næringane, dei lokale bygdelaga, lokale frivillige lag, organisasjonar og grunneigarar.

Stiftinga Geirangerfjorden har følgjande moment som må vurderast særskild av forvaltninga, knytt til løyve om utbygging av Storfossen kraftverk i Geiranger:

- Ny kraftutbygging i eit verdsarvområde som er innskriven på UNESCO si liste over naturarven på bakgrunn av geologi og naturlege landskapsformer kan vere kontroversielt. Sjølv om fossen ligg utanfor sjølvne verneområdet, så er Storfossen eit særmerkt landskapselement og eit av dei største, reine naturelementa innafor kommunedelplan Geiranger og innafor verdsarvområdet sine faktiske grenser. Storfossen er godt synleg frå både veg, fjorden og frå andre sida av bygda (Ørnevegen).
- Vestnorsk fjordlandskap er trekte fram som unike eksemplar på fjordlandskap av sitt slag i verda, og urørte landskapsformer som frie elvar og fossar er særskild nemnde i vedtaket frå UNESCO. Ei ny kraftutbygging innafor verdsarvområdet sine grenser, med nye inngrep må vurderast om den vil kunne komme i konflikt med inskripsjonen.
- Storfossen har ein stor attraksjonsverdi i verdsarvbygda, både for besøkande, reiselivsnæringa og for innbyggjarar. Gjennom realiseringa av Fossevandringa, ein spektakulær gangsti langs Storfossen, vil det og vere kontroversielt dersom vassføringa vert redusert og opplevinga av dei geologiske kreftene redusert. Fossevandringa er ei stor investering på om lag 13 millionar kroner og kvaliteten på denne vandringa bør ikkje verte forringa på bakgrunn av ei ny kraftutbygging i Storfossen.

- Dersom NVE vurderer å opne for kraftutbygging i eit verdsarvområde av ein slik nasjonal og internasjonal karakter, så rår vi til at UNESCO vert rådført nærare i saka.
- Storfossen er ein ynda reirplass for mellom anna Fossekalen, som er Noregs nasjonalfugl, opnar ein for kraftutbygging att, så frykter vi at bestanden går ned.

Vi ser absolutt at det kan vere positivt å få formidla den gamle og rike krafthistoria til dei to gamle kraftverka i Storfossen, då det er ei spennande kulturhistorie i bygda. Dette meiner vi det er fortsatt råd å gjere utan nye inngrep og reduksjon av fossestraumen i elva.

Vi ber NVE vurdere våre fråsegn og særskild vurderer verdsarvstatusen sitt inskripsjonsgrunnlag, før endeleg konklusjon for ei ny kraftutbygging av Storfossen i Geiranger vert fatta.

Med vennleg helsing

Katrin Blomvik
Direktør
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

(dig. sign.)

Willy J. Loftheim
Styreleiar
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

(dig. sign.)